HORDALAND FYLKESKOMMUNE | ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2018/11459-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Hovudarbeidsmiljøutvalet | | |
| Utval for opplæring og helse | | |
| Utval for miljø og samferdsel | | |
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 13.11.2018 |
| Fylkesutvalet | | 21.11.2018 |
| Fylkestinget | | 11.12.2018 |

# Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022

**Økonomi:** I budsjettsaka fastlegg ein rammene for fylkeskommunen si drift det komande året. Utan vekst i dei frie inntektene, vert driftsrammene pressa. Netto driftsresultat er ca. 0,7 % og går nedover i økonomiplanperioden. Netto gjeldsgrad kjem tett oppunder 115 %.

**Klima:** Klima er høgt prioritert i budsjettforslaget. Spesielt vil ein peike på overgang til elektriske ferjer i økonomiplanperioden. Elles vert det vist til eige kapittel om klimabudsjett, med overskrifta «Grønt skifte».

**Folkehelse:** Folkehelse er særleg omtala i kapitlet for regional. Det er vanskeleg å måle samanhengen mellom budsjett og folkehelse, men det er rimeleg å tru at redusert luftforureining vil gje eit positivt bidrag. Vidare er folkehelse som innsatsområde omtala under kapitla til kvar avdeling.

**Regional planstrategi**: Framme i budsjettdokumentet er det eit eige kapittel om samanhengen mellom planstrategi og budsjett.

## Forslag til innstilling

1. a) Investeringsbudsjettet for 2019 vert vedteke med slike rammer:

| | 1 000 kr |
|---|---|
| Bruk av lånemidlar | 1 176 874 |
| Tilskot og refusjonar m.m. | 2 929 085 |
| Salsinntekter | 50 000 |
| Bruk av avsetjingar | 45 000 |
| Midlar frå driftsbudsjettet | 95 000 |
| SUM INNTEKTER | 4 295 959 |

Disponert slik:

| | |
|---|---|
| Bybaneutbygging | 1 764 000 |

| | |
|---|---|
| Fylkesvegar | 1 581 975 |
| Kollektivtiltak | 390 784 |
| Kultur | 3 000 |
| Tannhelse | 30 000 |
| Opplæring | 434 200 |
| Fellesfunksjonar | 87 000 |
| SUM INVESTERINGSUTGIFTER | 4 290 959 |
| | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 5 000 |
| SAMLA FINANSIERINGSBEHOV | 4 295 959 |

b) Driftsbudsjettet for 2019 vert vedteke med følgjande rammer:

| | | |
|---|---|---|
| Frie inntekter (skatt, rammetilskot) | | 6 632 000 |
| Finansutgifter | netto | 876 300 |
| Avsetjingar | | |
| Til finansiering av utg. i investeringsbud. | | 95 000 |
| TIL FORDELING DRIFT | | 5 660 700 |
| | | |
| Fordelt slik: | | |
| Politiske organ, kontrollorg. og fylkesrådm. | netto | 70 082 |
| Økonomi- og organisasjonsavd. | netto | 187 600 |
| Eigedom | netto | 296 000 |
| Regional utvikling | netto | 98 800 |
| Samferdsel | netto | 1 978 928 |
| Kultur og idrett | netto | 216 000 |
| Tannhelse | netto | 194 000 |
| Opplæring | netto | 2 614 000 |
| Fellesfunksjonar | netto | -36 024 |
| FORDELT PÅ SEKTORANE | netto | 5 619 386 |
| | | |
| Tilleggsløyvingskonto | | 3 914 |
| Lønsavsetjing | | 37 400 |
| TIL SEINARE FORDELING | | 41 314 |

**2. Låneopptak**

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 176,874 mill. kr.

**3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp**

| | | |
|---|---|---|
| Gruppestønad til fylkestingsgruppene | kr | 84 010 |
| Stønad pr. representant i gruppa | kr | 47 170 |
| Frikjøp pr. representant | kr | 46 380 |

**4. Kollektivtakstane**

Kollektivtakstane vert auka med i gjennomsnitt 2,7 %, slik det går fram av budsjettheftet s. 88.

**5. Tannhelse**

Takstane for betalande pasientar vert auka med 4,5 % frå 01.01.2019.

**Økonomiplanen for 2019-2022**

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022

**Fylkesrådmannen, 26.10.2018**

Fylkesrådmannen la fram budsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 den 24. oktober 2018.

Budsjettet byggjer på inntektsføresetnadene ein finn i framlegget til statsbudsjett for 2019. Det er lagt opp til tronge driftsrammer, og dei fleste sektorane har fått reduksjonar i høve til budsjettet for 2018. Etter fylkesrådmannen si vurdering har ein likevel unngått dramatiske kutt i 2019. Utfordringane ser ut til å bli større dei følgjande åra.

Fylkesrådmannen viser elles til det vedlagte budsjettdokumentet.